

**Til Hordaland fylkeskommune**  
Kulturavdelinga - KUP-midler

**BAKGRUNNSNOTAT TIL PROSJEKTSØKNADEN «OSTERØYSTEMMER»**

Osterøystemmer er eit kulturelt integreringsprosjekt med heile Osterøy som bakteppe. Gjennom utforsking av ulike kulturelle uttrykk frå Osterøy sine innbyggjarar, ønskjer me å skapa ei framsyning av høg kvalitet som viser dette mangfaldet. Me ønskjer med andre ord å skapa ei framsyning som både er samlande og mangfaldig: Mange ulike stemmer som til saman syner Osterøy sin eigenart.

Ideen dukka opp i kjølevatnet av flyktningstraumen dei siste åra og der mange nye landmenn har fått sin heim på Osterøy. Me har i dag rundt 65 busette flyktningar. Mange er unge einslege som sårt treng ein kontaktflate i Osterøysamfunnet. Musikk, dans og kunst er eit fellesspråk som er spesielt eigna til å knyta band på tvers av nasjonale og kulturelle grenser. Felles kulturaktivitetar vil òg for mange ha positiv effekt på den psykiske helsa.

Kulturskulen har derfor teke initiativ til prosjektet "Osterøystemmer". Osterøykoret og Osterøy integrerings- og læringscenter vart kontakta som mulige samarbeidspartnarar. Dei var positive, og saman har me utarbeidd ein meir konkret prosjektskisse med 3 hovudfasar

**Fase 1 - heile skuleåret 2018/19**

- Kunst og kulturaktivitetar som ei ekstra satsing i norskopplæringa på læringscenteret. (4 timar i veka). Kulturskulen stiller med kvalifisert personell innafor ulike kunstfag. Læringscenteret er aktiv part og stiller med sine pedagogar. I tillegg til faga sin eigenverdi for deltakarane, vil deltakarane òg få synleggjort eit større register av eigne ressursar.

**Fase 2 – vår 2019. Oppstart januar**

- Workshops kveldstid med Osterøykoret. Eit av måla med fase 1 er å bli godt kjent med elevane på læringscenteret og motivera dei til å delta på opne øvingar(workshops) i Osterøykoret. Dirigent Jon Flydal Blickfeldt vil bruke innspel frå øvingane som base for eit sluttprodukt.

**Fase 3 - mai 2019**

- Scenisk framføring av «Osterøystemmer» Dirigenten i Osterøykoret er kunstnarleg ansvarleg. Målet er at alle som ønskjer det, får ein oppgåve anten på scena eller i dugnadsarbeid som høyrer med til ein slik produksjon. Alt etter interesse. Framsyninga skal halde høg kvalitet i alle ledd i produksjonen.

### **Parallele fasar**

- «Osterøystemmer» vil og engasjera fleire enn dei som nemnd over. Me vil nytta lokalavis og sosiale media til å invitara andre innbyggjarar til å bidra med innspel (si stemme).
- Osterøy har mellom anna mange innbyggjarar frå austeuropeiske land.
- Folkemusikken. I kvar grend finns det lokale songar , slåttar og stev
- På grunnskulen vil eg må gjennomføra skattejakt etter songar og vers. Samarbeid mellom kulturskulen og barneskulane.

### **Oppgåvefordeling**

#### *Kulturskulen:*

Administrasjon. Skaffa instruktørar i ulike kunstfag, jobba opp mot grunnskulen,.

#### *Læringscenteret:*

Har kompetanse på målgruppa, rettleiar i prosessane, stiller med språklærar, oversyn av aktuelle deltakarar blant busette flyktingar i ulike aldrar.

#### *Osterøykoret:*

Ansvar for workshops kveldstid. Kunstnarleg og praktisk ansvarleg for sluttprodukt.

### **Regionalt perspektiv**

Sjølv om dette prosjektet er retta mot Osterøy sine innbyggjarar, vil erfaringar frå denne metodikken vera interessant og for andre kommunar med same utfordringar som Osterøy. Me gjer eit nybrottsarbeid der med sikkert vil møte på skjær i sjøen. Dersom fylket vel å støtta prosjektet, vil me utarbeida ein evalueringsrapport /rettleiar som kan inspirera andre til å gjera noko liknande. Me stiller gjerne opp i etterkant for å fortelje om erfaringane våre.

### **Oppsummering**

Osterøystemmer er eit integreringsprosjekt med kulturaktivitet som hovudverktøy. Heile prosessen er viktig. Sluttproduktet er en framsyning der Osterøykoret er stammen , men med stort rom for deltaking av andre interesserte innbyggjarar. (Elevar frå læringscenteret, skuleelevar , m.m.) Denne modellen gir mange inngangar til variert integrering. Møte foreiningsliv, møte folk, bli kjent med eigne og andre sine talent og ressursar. Vera med på å gi Osterøy ein identitet. Vera ein aktiv del av eit fellesskap.

*Frank Windt*

Rektor Osterøy kulturskule

*Jon Flydal Blickfeldt*

Dirigent Osterøykoret

*Linda J. Svidal Nordås*

Osterøy integrerings, og læringscenter